

Til søkjar av produksjonstillegg

Orientering om nytt system for SMIL og drenering av tidlegare grøfta jordbruksareal

Nytt søknads- og sakshandsamarsystem for Drenering og SMIL i 2019

Tilskott til drenering av jordbruksjord (Drenering) og tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) får **digital** søknads- og saksbehandlingsløsning frå 2019.

Landbruksdirektoratet har utvikla ei ny løysing som skal forenkle handteringa av mange tilskott og fond som kommunen, fylkesmannen og direktoratet forvaltar. Etter planen skal løysinga takast i bruk for drenering og SMIL i midten av februar 2019. Den nye løysinga vil gi ein stor effektiviseringsvinst:

- Enklare teneste, digitalt og sjølvbetent for søkjaren
- Tilskottet vert rekna ut direkte i søknaden for tilskott til drenering
- Raskare og sikrare sakshandsaming og utbetaling fordi mykje skjer automatisk i systemet

No er det altså like før Drenering og SMIL skal inn i denne løysinga. Søknader om tilskott til Drenering og SMIL skal frå og med 2019 sendast inn digitalt med innlogging via ID-Porten/Altinn. Kommunen sin sakshandsamar skal behandle søknaden, utarbeide og godkjenne vedtak, og utbetale tilskott gjennom denne løysinga. Alle brev vert sende til søkjaren sin innboks i Altinn, eller til sikker digital post (E-boks, digipost) dersom søkjar er privatperson.

Fylkesmannen skal fordele rammer til kommunane, men vil altså ikkje lenger ha noko rolle ved normal sakshandsaming og utbetaling.

Denne orienteringa kjem no for å informere kort om løysinga, kva som må på plass og nokre viktige datoar framover. Meir informasjon vil kome etter kvart som overgangen til ny løysing nærmar seg.

Overgangen frå gammalt til nytt system

Den 2. januar 2019 vert data om opne prosjekt (prosjekt med positiv ansvarssaldo) overført frå det gamle til det nye sakshandsamings-systemet for ordningane Drenering og SMIL. Frist for alt arbeid hos Fylkesmannen i det gamle systemet er 14.12.2018. Etter denne datoen skal ikkje saker om Drenering og SMIL registrerast eller utbetalast etter det gamle systemet.

Saker frå det gamle systemet vert altså overført til det nye 2. januar. Frå dette tidspunktet skal desse sakene handterast i det nye, t.d. for delutbetaling og sluttutbetaling. **Kommunen kan gjere utbetalingar frå ca. 7 januar 2019.**

Fylkesmannen vil såleis ikkje lenger vere involvert i sakshandsaminga av ordinære søknader, med mindre søkjar klagar eller det for SMIL er naudsynt med dispensasjon.

Rettleiing for å kunne ta i bruk løysinga

I januar 2019 skal Landbruksdirektoratet legge ut instruksjonsvideoar og rettleiingsmateriell for søkjar og sakshandsamar i kommunane.

Endringar i regelverk

Det vil bli endringar i rundskriva som følgje av ny løysing for både ordningane. Landbruksdirektoratet planlegg å ha desse klare i midten av desember.